



Statens vegvesen

NVE Konesjonsavdelingen
postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Rune Moe

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Linn Kathrin Bakke / 99427240

Vår referanse:
15/256503-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.03.2016

Fv. 615 – Høyring av småkraftsaker i Gloppen kommune – Skorgeelva kraftverk

Viser til e-post datert 29.02.2016 frå NVE v/ Rune Moe angående høyring av Skorgeelva kraftverk.

For å kunne nytte avkøyrsla på nordsida av fv. 615 på neset der den gamle skorgesaga låg (fv. 615, hp 3, km 8.750), må denne utbetrast etter krava i N100 Veg og gateutforming. Handboka finn de på www.vegvesen.no – fag – håndbøker. Så lenge området ikkje er regulert, må det og søkjast Statens Vegvesen om løyve til bruksendring av denne avkøyrsla. Søknadsskjema finn de på heimesida under skjemaer, og søknaden sendast til firmapost@vegvesen.no.

Vi gjer merksam på storleiken på rekkverksopninga til avkøyrsla. Dersom denne må endrast som fylgje av løyve til bruksendring, skal tiltakshavar setje rekkverket i stand slik at det støttar krava i handbok N101 Rekkverk og vegens sideområder.

Om de skal nytte avkøyrsla som fører til tidlegare søppeldeponi Ivahola i Skorgedalen, må de her og søkje om bruksendring då denne avkøyrsla ikkje tilfredsstillar dagens krav til svingradius.

Angående nærføring av kablar, byggjegransar og spesialtransport, viser vi til svar datert 28.12.2015.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Vigdis Lobenz

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Seksjonsleiar

Linn Kathrin Bakke

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.